



Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/3423-5

## **SFJ 2019 innsparingstiltak samferdslesektoren**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Saka vert fremja utan administrativ tilråding.**

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Samletabell med moglege innsparingstiltak

Samledokument med alle ferdigstilte utgreningar juni 2015

Samledokument med alle ferdigstilte utgreiingar våren 2016

Samledokument med samandraga våren 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

I HS-sak 17/16 Økonomiplan 2017-20 – Prioriteringar av utgreiingsoppdrag på samferdslesektoren vart det gjort følgjande vedtak, jf. pkt. 2b:

*«Hovudutval for samferdsle tek etterhald om endringar i nivåinndeling innanfor utgreiing 45 til møtet 31. mai. Til dette møtet ber utvalet om at administrasjonen set opp ei samla oversikt over alle mogelege innsparinger på samferdslesektoren, slik at hovudutvalet kan tilrå ei samla nivåinndeling.»*

I møte i hovudutval for samferdsle la fylkesdirektøren fram eit notat under sak 26/16 – Skriv og melding (dok. nr 3). Hovudutvalet vedtok følgjande: «*Sak til møte 21.06.2016.*»

Fylkesdirektøren legg i denne saka fram utgreiingane som vart lagt fram for fylkestinget 16. juni 2015 samt utgreiing lagt fram for hovudutvalet i 12. mai 2016.

Vedlagt er også ein samletabell med dei moglege innsparingane på samferdslesektoren. Nivåinndelinga i samletabellen er basert på vedtaka i HS - sak 17/15 og HS - sak 17/16. Det er lagt inn nokre merknader som omtalar status for tiltaka på nivå 1 på kollektivområdet.

I gjeldande økonomiplan er det lagt til grunn innsparingar på nivå 1 og 2 i utgreiingane som vart lagt fram i juni 2015. I økonomiplansaka (FT-sak 26/17) som fylkestinget skal behandle 14. juni er det lagt til grunn innsparingar knytt til utgreiing #45 ny driftsstandard for fylkesvegar på nivå 1. I tillegg er det lagt inn uspesifiserte innsparingar.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)